



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Harald Nornes
Telefon: 57 65 54 32
E-post: hno@fmsf.no

Vår dato
11.02.2010
Dykkar dato
18.11.2009

Vår referanse
2009/4917 - 522.5
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyringsuttale til framlegg til forskrift om tilskot ved tap i epleproduksjon grunna rognebærmøll

Me har lese høyringsbrevet og framlegget til forskrift og vil gjerne få komme med eit par kommentarar.

Den første og viktigaste gjeld § 3 om berekning av tilskot. Her les me høyringsbrevet slik at tilskotet skal reknast ut slik: Fast kronesats fastsett i forskrifta x totalt kvantum innhausta eple x prosent skadde eple (vurdert av kommunen). Er rognebærmøll-angrepet moderat, kan dette verka fornuftig, men er det eit meir omfattande angrep vert det verre. Den ytre skaden på eit eple med rognebærmøll kan vera svært vanskeleg å sjå og sorteringsarbeidet vert svært tidkrevjande og usikkert. I praksis vil truleg grensa for om eit parti let seg sortera tilfredstillande vera rundt 30% angrep. Er angrepsprosenten høgare vil heile partiet vanlegvis verta avvist på pakkeriet og sendt til pressing. Det bør difor vurderast om ikkje det vil vera rettare at ein ved sterke angrep kan rekna tilskotet ut frå kvantum levert til pressing, i staden for å rekna med skadeprosenten. Dette må i så fall koma til uttrykk i forskrift eller rundskriv.

§7 pkt 1 peikar seg ut som det mest utfordrande for den som skal vera sakshandsamar. Rognebærmøllangrepa viser ofte store lokale variasjonar og variasjon i kor sterkt ulike sortar

sortar vert skadd, samstundes som det er avgjerande på kva tidspunkt og på kva måte plantevern tiltaka vert sett inn. Her vert det ikkje enkelt å vurdere om det er gjort "som normalt kan forventes". Korkje forskrift eller høyringsbrev nemner noko om økologisk epleproduksjon.

Truleg er det her ein vil få det største spriket i forventningsnivået ein har til førebyggjande tiltak.

Skal sakshandsaminga verta nokolunde lik i dei ulike fruktdistrikta er det heilt naudsynt at rundskrivet som skal følgja den nye forskrifta går opp ein del grenselinjer for kva som "normalt kan forventes".

Med helsing

Arne Sandnes
fung. landbruksdirektør

Harald Nornes
fylkesagronom

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj